



Wilhaven AS
Veråsvegen 68
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3238 - 18/6049

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
22.02.2018

Vedtak om kommunalt tilskot 2018

Tilskot til ikkje- kommunale barnehagar er regulert i Barnehageloven § 14 og forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 1, og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotet for 2018.

Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barna sin alder og opphaldstid i barnehagane.

Tilskotet for dykkar barnehage har vi for 2018 rekna ut til:

	Sats	Heiltidsplassar	Tilskot 2018
Små barn (0-2 år)	158 200	4,00	632 800
Store barn (3-6 år)	120 200	6,00	721 200
Sum driftstilskot			1 354 000
Kapitaltilskot	12 900	10,00	129 000
Sum tilskot			1 483 000

Oversikten nedanfor viser kva som vert utbetalt kvar månad frå april til desember:

	Tilskot 2018
Samla tilskot 2018	1 483 000
Utbetalt 1. kvartal 2018	-339 299
Rest til utbetaling	1 143 701
Tilskot pr mnd april-desember	127 078

Reknearket som viser korleis tilskota har blitt rekna ut vil bli ettersendt på e-post.

Barnehageeigar kan klage til Fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jfr forvaltningslova §§28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jfr forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jfr forvaltningslova § 27 tredje ledd.



Barnehagar som i løpet av året mottok høgare tilskot enn dei har krav på etter feil frå barnehagen si side, kan etter vedtak frå kommunen måtte tilbakebetale tilskot, jfr forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 13.

Vi gjer og merksam på at Lindås kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jfr forvaltningslova § 35, femte ledd.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Wilhaven AS

Veråsvegen 68 5955

LINDÅS